



BUSKERUD FYLKESKOMMUNE
Hauges gate 89, 3020 Drammen
Telefon 32808500

KULTURADMINISTRASJONEN
Telefax 32 80 86 72

Ål kommune
Teknisk etat
3570 ÅL

Vår dato: 22.06.94
Deres dato:

Vår ref.: 0414/94/IILGL
Deres ref.:

INST. FOR ARKEOLOGI KUNSTHISTORIE OG NUMISMATIKK	
Universitetet i Oslo	
Saksb.:	21 JUL 1994
JHL	Kopi:
Ark.:	0619
Saksnr.: 97/2605	Dok. nr.: 001

ARKIV

FORSLAG TIL REGULERINGSPLAN FOR TORKELSTJØRN-OMråDET

Vi har motteke nevnde plan til uttale, og ba om utsatt befaring for å befare planen på bar og frostfri mark.

Dei tidlegare registreringane frå Hallingdalsprosjektet merkte Å 58, 59 og 61 ligg innanfor reguleringsområdet, men vil ikkje koma i konflikt med utbygginga. Vi ber om at desse vert liggande urørde og at planen ikkje vert endra ved desse kulturminna. Under arbeid med vegbygging og hyttebygging må grunneigarar og anleggsfolk gjerast oppmerksame på dette.

Ved registreringa vart det funne fleire nye kolgropar og ei hustuft. Sjå vedlagte rapport.

Fylgjande vart registrert:

R4: Kolgrop ved hyttefelt H6 - kan bli berørt av veg fram til feltet

R1, R2 og R3: R1 kan bli berørt av hyttetomt.
R2 og R3 vil truleg koma i konflikt med vegen fram til feltet, R2 også i konflikt med hyttetomt. Alle i H9.

R5: Kolgrop i direkte konflikt med hyttetomt I H24.

R6: Kolgrop kan bli berørt av hyttetomt i felt H31.

Kolgropene ar automatisk freda kulturminne jfr. §4b. I tillegg er ei fem meter brei sone rundt kulturminnets synlege ytterkant freda jfr. §6 i same lov. Vi gjer også merksam på at det kan, p.g.a. dei mange kolgropene, vera restar her etter sjølve jernvinna dvs. jernvinneovn og slagg. Dette er som regel ikkje synleg på markoverflata, og kan såleis dukke opp ved avtorving.

Vi ber om at all byggeverksemeld som vegar og hytter vert lagt utanom kolgropene. Dersom dette ikkje vert teke omsyn til, kan denne uttale reknast som ei motseining til planen.

Når det gjeld område der det ikkje er funne kulturminne, må vi også taka etterhald om at dersom det under arbeid skulle dukke opp


automatisk freda kulturminne, må arbeidet straks stansast og fylkeskonservator varslast jfr. kulturminnelovens §8.

Når det gjelder nyare tids kulturminner, viser vi til vedlagte rapport. Her vert f.eks. gamle stolar og stølsvollar, gamle beiteområde med steingjerder og gamle vegfar nemnde.

Dersom det blir blir aktuelt med utbygging av det resterande område innanfor reguleringsplanen, må fylkeskonservator også få denne planen til vurdering før den kan godkjennast.

Med helsing

Geir Helgen
fylkeskonservator
e.f.


Inger Liv Gøytel Lund
arkeolog

Vedlegg: registreringsrapport

Kopi: Universitetets Oldsaksamling

Saksbehandler: Arkeolog Inger Liv Gøytel Lund
Tlf. 32 80 86 68

Registreringsrapportene fordelt til
grv. 55, 51, 44, 48 - Ål kommune
8/1-98 Det.